

# Sykehuskirken, preste– og samtaletjenesten

## KIRKEN er for tiden under ombygging!

Midlertidig kirkerom er Søsterhjemmets kapell som ligger helt sør i 1. etg. i det gamle sykehusbygget.

Det er vanligvis gudstjeneste med nattverd hver søndag kl 11:00, men er midlertidig stengt for gudstjenestebruk av smittervernshensyn. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si ifra til personalet som formidler beskjed til presten.

## SAMTALER OG SJELESORG

**Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon.** Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon. Presten har selv sagt taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

## SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettssider under «prestetjenester»



**i**

Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?


Tlf: 922 07 527  
www.haraldsplass.no  
Søk :prestetjenester

# Søndagshelsing

25.april 2021

## 4. søndag i påsketida

Tema: Å speile kjærleiken



REFLECTIVE LOVE – Stokoe Art Gallery

**Det er for tiden ikke gudstjenester i sykehuskirken på Haraldsplass!**

**Du finner gudstjenester og andre livssynsprogram på [www.kirken.no](http://www.kirken.no)**

## 4. søndag i påsketida

### Preiketekst: Joh 13, 30-35

30 Med det same Judas hadde fått biten, gjekk han ut. Det var natt. 31 Då han hadde gått, sa Jesus: «No lyste Guds herlegdom om Menneskesonen, og herlegdom lyste om Gud gjennom han. 32 Og har Gud vorte herleggjord gjennom han, så skal Gud sjølv herleggjera han. Ja, snart skal Guds herlegdom lysa om han! 33 Endå ei lita stund er eg hos dykk, borna mine. De kjem til å leita etter meg, men det eg sa til jødane, seier eg no til dykk òg: Dit eg går, kan ikkje de koma. 34 Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elsa kvarandre. Som eg har elsa dykk, skal de elsa kvarandre. 35 På det skal alle skjøna at de er mine læresveinar: at de har kjærleik til kvarandre.»



## «Sjå kor dei elskar kvarandre!»

Dette blei sagt om dei første kristne. Måten dei levde på og var med kvarandre, vekte merksemد i omverda og gjorde sitt til at evangeliet om Jesus blei spreidd. «Alle dei truande var eitt i hjarte og sinn, og ingen rekna det han eigde som sitt eige; dei hadde alt i lag». (Apg 4, 32)

I sin avskjedstale gir Jesus disiplane eit nytt bod:  
«De skal elsa kvarandre».

Jesus sa ikkje at dei skulle *like* kvarandre, han sa dei skulle *elske* kvarandre. Å elsa kvarandre slik Jesus elsa oss, handlar ikkje først og fremst om kjensler, det er heller ei haldning og ei aktiv handling. Det er å sette seg sjølv til side, lytte, sjå den andre, tenke at «den veit best kor skoen trykker som har den på», respektere at vi er ulike, være raus i møte med andre...

I min ungdom huskar eg ein sa til meg at han kunne merke på folk om dei var kristne. Det var jo litt provoserande, syntest eg, men samtidig vart det til ettertanke. Merkast det på meg? Speilar eg Jesu kjærleik? Vel... eg er kanskje ikkje den einaste som kjenner på å kome til kort her. Kanskje det hjelper å stille seg nær kjelda?

### REFLEKS

Det er så  
lett å tvile  
på kjærigheten.  
Jesus,  
du er kjærighet.

Hjelp meg å huske  
at vi mennesker  
bare er speil.

I lyse øyeblikk  
sender vi videre  
noen få stråler  
fra denne kilden.  
Hjelp meg å ikke  
bli forvirret  
når  
speila er så skitne  
og lyset blir så svakt.

Hjelp meg selv  
å vaske mitt speil  
og stille meg  
nær deg.

**God søndag!**

**Beste helsing Kristin Lødøen Hope  
sjukehusprest**

(Tone Gjelsten Håland)